

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

**MØTEDATO:** 29.01.2021, kl. 09:00-15:10

**MØTESTAD:** Videomøte

Styremøte var ope for publikum og presse

---

### Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Eiliv Berdal	Observatør

### Deltakarar frå administrasjonen (deltok frå Styrerommet)

Arve Varden, administrerande direktør  
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern  
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk  
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk  
Helge Robert Midtbø, direktør Drift og eigedom  
Øystein Helleseeth, økonomidirektør  
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør  
Evy-Helen Helleseeth, fagdirektør  
Margun Thue, stadleg leiar Lærdal sjukehus  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Frode Schanke, IKT-sjef  
Marte Ulltang, samhandlingssjef  
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør  
Berit Irene Haarklau, referent

### Andre deltakarar

Thorbjørn Olsen, spesialkonsulent  
John Roger Andersen, forskar  
Jon Gresseth, Advokat Arntzen de Besche (deltok i sak 008/2021)

## SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
001/2021	Godkjenning av innkalling og dagsorden
002/2021	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 18.12.2020
003/2021	Administrerande direktør si orientering
004/2021	Rapportering frå verksemda per desember 2020
005/2021	Risikostyring 2021
006/2021	Høyring – Regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) 2021
007/2021	Høyring – Regional handlingsplan for sikkerheitspsykiatri i Helse Vest
008/2021	Nye Førde sjukehus
Saker til orientering:	
009/2021	Prosjekt rekrutteringsstrategi for Helse Førde
010/2021	Eventuelt
	Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og andre deltakarar velkommen til dagens styremøte som var eit videomøte.

Eiliv Berdal vart ønska velkommen som ny observatør (brukarrepresentant) i styret.

## STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Spesialkonsulent Thorbjørn Olsen og forskar John Roger Andersen og orienterte om:

### **Gir kognitiv gruppeterapi mot panikkangst varig effekt?**

Panikkangst er ein tilstand der ein brått og uventa frå anfall med intens frykt og ubehag. Tilstanden gir kroppslege fenomen som hjartebank, pustevanskar, skjelving, svette, brystmerter, svimmelheit, kvalme eller ubehag i magen. Ubehandla er kronisk panikkangst forbunde med redusert helse, livskvalitet, einsemd, alkoholproblem, sjølv mord, auka bruk av helsetenester og risiko for tidleg død.

Kognitiv terapi med eksponering gir god effekt mot panikkangst viser randomiserte kontrollerte studiar.

Vi starta med behandling av panikkkliding i Førde i 1998. Egil W. Martinsen starta dette saman med Thorbjørn Olsen. Seinare kom Truls Bilet og andre med. Behandlinga vart svært nøye monitorert og evaluert, og korttidsresultata vart publisert i 1998. Resultata vart gode, og dette gav grunnlag for å gjere langtidsstudiar.

I studien vart 68 pasientar med alvorleg panikkangst følgd over tid etter behandlingsslutt ved Førde sentralsjukehus. Funna viste at 98 prosent fekk betydeleg reduksjon i angst. Helse og livskvalitet i pasientgruppa hadde same nivå som i den generelle norske befolkninga. 93 prosent rapporterte at dei hadde hatt stor nytte av behandlinga. 95 prosent var tilfreds med behandlinga.

Langtidsprognosen var svært god, og dette er gode nyheiter for menneske med eit ganske vanleg helseproblem. Studien har lengst oppfølgingstid etter behandling for panikkangst i litteraturen.

Vidare forskning:

Det kjem fleire studiar på effektar av behandling på panikkkliding med B4DT frå Helse Førde. Føretaket er med i multisenterstudie der ein undersøker genetiske prediktorar knytt til panikkkliding og OCD. Vi er invitert med i desse studiane grunna dei godt dokumenterte behandlingresultata som er levert over tid frå Helse Førde.

*Styret takka for ei interessant orientering og kommenterte at dette er eit godt døme på at klinisk forskning i Helse Førde bidreg til utvikling av behandlingsformer og kjem pasientane til gode. Styret ønska fagmiljøet lukke til vidare med eit viktig arbeid.*

## **Sak 001/2021 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden, med ei kort orientering om køyrereglar for dagens videomøte.

- Styremøte hadde fagleg orientering
- Sak 008 vert flytta til etter sak 010

Nye dokument til «Skriv og meldingar» var utsendt til styret 26. og 28. januar:

- Brev frå HLF Førde og omland vedr. Behov for audiopedagog på ØNH Helse Førde
- Høyringsuttale frå Høyanger kommune vedr. Regional plan for TSB 2021-2025
- Høyringsfråsegn frå Sogn Regionråd vedr. Regional plan for TSB 2021-2025
- Protokoll frå drøftingsmøte vedr. utkast høyringssvar frå Helse Førde til regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling i Helse Vest
- Protokoll frå drøftingsmøte vedr. utkast høyringssvar frå Helse Førde til regional handlingsplan for sikkerheitspsykiatri i Helse Vest
- Brev frå LPP Sogn og Fjordane vedr. Ubrukte midlar i budsjett for Klinikkk for psykisk helsevern og uløyste oppgåver

To nye dokument til Nye Førde sjukehus var utsendt til styret før møtestart styremøte:

- Notat frå Arntzen de Besche Advokatfirma AS vedr. «Vurdering av brev frå Åsen & Øvrelid – vesentlig endring», datert 29.01.2021 (Uoff)
- Brev frå Advokatfirmaet Grette AS vedr. «Nye Førde sjukehus – ulovlig endring av kontrakt med Veidekke», datert 27.01.2021

### **Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **Sak 002/2021 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 18.12.2020**

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 18.12.2020.

## **Sak 003/2021 Administrerande direktør si orientering**

Adm. direktør Varden innleia med at:

- Punkt 7 om Preshospital plan utgår
- Nytt punkt 8 om Personalsak (Uoff)
- Marte Ulltang vart presentert som ny samhandlingssjef

Dagabygget (nybygg for psykisk helsevern) vart presentert med ein video, dette fordi ein ikkje kan ha omvisning for styret iht smittevernreglar.

Direktør Tvedt orienterte om Dagabygget, som vert teke i bruk frå 20. februar. Tidslinje for innflytting og tilsetjingsprosess vart skissert.

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt over aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**
- 4. Korona - status i Helse Førde**

Adm. direktør Varden innleia om ekstra beredskapsmøter søndag 24. januar, med bakgrunn i smitteutbrot i Nordre Follo. Vi har oppjustert til gul beredskap, og har hatt daglege møter i beredskapsleiinga f.o.m. 24. januar.

Fagdirektør Helleseth orienterte om

### Vurderingar og tiltak i Helse Vest etter Follo-utbrotet

Kartlegge innlagte, øh-pasientar, elektive, tilsette og studentar om opphald i aktuelle austlandskommunar siste 10 dagar.

Munnbind: Nytte munnbind når avstand på ein meter ikkje kan oppretthaldast  
Heimekontor: Dei som kan ha heimekontor bør ha heimekontor

Status korona i Helse Førde d.d., som viser talla for analyser utført i Helse Førde

- Innlagt: 1

- Isolasjon: 3 studentar og 1 tilsett
- I karantene: 54 tilsette og 3 innlagde pasientar

Laboratoriet tek no kun prøver frå Sunnfjord kommune, innlagde og Bedriftshelsetenesta.

Vaksine:

408 tilsette har fått første dose, med god oppslutnad. Plan for andre dose er klar og alle har fått time.

Framover: Vaksinasjonsutvalget startar arbeidet med vidare prioritering.

## 5. Helsefellesskap

Stadleg leiar Thue orienterte om [Helsefellesskap - løypemelding](#)

Bakgrunn og føremål:

Å etablere helsefellesskap er eitt av fleire tiltak i Nasjonal helse- og sjukehusplan for å realisere pasientens helseteneste. Helsefellesskapet er ei vidareføring av Samhandlingsreforma (2012), og skal vere eit forpliktande samarbeid mellom sjukehusa, kommunane, fastlegane og brukarane i eit føretaksområde. Samarbeidet skal vere på fagleg, administrativt og politisk nivå.

Arbeidsgruppa starta arbeidet våren 2020.

Prioriterte grupper er:

- Barn og unge
- Personar med alvorlege psykiske lidingar og rusproblem
- Skrøpelege eldre
- Personar med fleire kroniske lidingar
- Akuttmedisinske tenester

Pågåande arbeid mellom Helse Førde og kommunane vart skissert.

Status i arbeidet er at arbeidsgruppa har levert ein rapport som skal handsamast i Fagrådet og Koordineringsrådet i februar og seinare i dialogmøte.

## 6. Synergirapportering

Fagdirektør Helleseth orienterte om [Synergirapportering](#)

Det vart frå 1. januar 2020 obligatorisk å klassifisere alle saker i synergi i høve risiko. Klassifisering er: mindre alvorleg (grønt område), alvorleg (gult område), kritisk (raudt område)

Prosedyren seiar at hovudfokus må vere på kva som verkeleg har skjedd.

Oversikt over klassifisering av saker i Synergi som kritiske – gjennom året vart vist. I 2020 er 59 saker klassifisert under kritiske område.

Korleis vi arbeider for å lære av kritiske pasienthendingar omhandlar:  
**Korrigere – Planlegge – Gjennomføre - Evaluere**

Læring på tvers:

Ein ny funksjon i Synergi gjev Helse Førde høve til enkelt å kunne melde, og ta imot melding om hendingar og erfaringar på tvers mellom føretaka i Helse Vest, dette starta 08.01.2021. Den 17.01.2021 fekk vi inn den første meldingar, den var frå Helse Bergen.

## **7. Prehospital plan**

Orientering utgår, utsett til neste møte.

### LUKKA DEL:

Uoff, jf. Off.lova § 23.1

## **8. Personalsak**

### OPEN DEL:

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek meldingar til orientering.

## **Sak 004/2021 Rapportering frå verksemda per desember 2020**

### **Oppsummering:**

*Administrerende direktør Varden innleia rapportering med si vurdering:*

- Helse Førde er ikkje ferdig med årsoppgjeret og presentere derfor ikkje økonomisk resultat for desember
- Prognosen utarbeidd i førre månad var ca 70 millionar betre enn budsjett
- Prognosen no er 80 millionar betre enn budsjett
- Pandemien påverkar føretaket framleis innafor fag, spesielt for ventetider og fristbrot
- Førebels er det registrert 134 nye fristbrot i desember
- Andel ikkje møtt er stabilt lågt med 1,1 prosent
- For heile 2020 var aktiviteten 91,5 prosent samanlikna med budsjett. Det har vore stort fokus på å auke aktivitet etter nedstenginga, og dette vil halde fram inn i 2021 med mål om å redusere ventetidene

- Pandemien har i størst grad påverka aktiviteten innanfor dei kirurgiske poliklinikkane.
- Aktiviteten innan psykisk helsevern er ikkje i like stor grad påverka av pandemien
- Sjukefråværet var i november 6,7 prosent
- Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste 12 månader er 6,7 prosent, som er høgare enn tildegare år

*Fagdirektør Hellesest orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik*

- Trygg kirurgi, viser stabil registrert bruk av sjekklista nær 100 prosent
- Trygg pleie – fall, viser snitt på 80 prosent
- Trygg pleie – trykksår, viser snitt på 77 prosent
- Trygg pleie – ernæring, viser snitt på 66 prosent
- Fristbrot, viser 134 nye i desember
- Utskrivingsklare pasientar, viser 43 døgn i desember
- Stryking av planlagde operasjonar viser 15 styrkingar totalt av 391 planlagde operasjonar
- Oppfølging sepsis i akuttmottak

*Økonomidirektør Hellesest orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi*

Aktiviteten i somatikk er 2274 drg-poeng bak budsjett. Pandemien har hatt stor påverknad på aktiviteten.

Digitale helsetenester viser at 6,5 prosent av dei polikliniske konsultasjonane i desember vart utførte gjennom telefon eller video.

Samla sjukefråvær i november var 6,7 prosent. Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste 12 månader er 6,7 prosent.

Brutto månadsverk i perioden var 2396 og netto månadsverk var 2228, som begge viser auke.

Helse Førde er ikkje ferdig med årsoppgjæret og økonomisk resultat for desember vert derfor ikkje presentert. Førebels resultat 2020 viser 80 millionar betre enn budsjett (var presentert 70 millionar betre enn budsjett i føre månad).

*Direktørane Vingsnes og Guldhav orienterte om arbeidet med å ta ned fristbrot i somatikken.*

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktørs rapportering frå verksemda per desember 2020 til vitende.

## Sak 005/2021    Risikostyring 2021

### Oppsummering:

Helse Vest har valt ut fem risikoområde som skal vere felles og relevant for alle føretaka i Helse Vest:

- Legemiddelområdet
- Vald og trugsmål mot medarbeidarar
- IKT og informasjonssikkerheit
- Ekstern turnover
- Uønskt variasjon – radiologi og ortopedi

Målet er mellom anna at regionalt samarbeid og læring på tvers skal styrkast. Helse Førde har starta arbeidet med risikostyring for 2021. Føretaket deltek i det regionale arbeidet med å få på plass ein modell for gjennomføring av risikostyring og ein struktur for å arbeide med risikoområda.

Vi innfører fem risikoområder som vert kopla saman med internrevisjonsplanen.

### Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek orienteringa om arbeidet med risikostyring i Helse Førde 2021 til vitende.
2. Styret ber administrerande direktør om å bli orientert om status etter første og andre tertial 2021.

## Sak 006/2021    Høyring – Regional plan for tverrfagleg spesialisert (TSB) 2021

### Oppsummering:

Regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) gir retning og prioritering i fire prioriterte område. Realisering av tiltaka i planen for vidare utvikling av tverrfagleg spesialisert rusbehandling krev prioritering i samsvar med nasjonal helse- og sjukehusplanen og styringsdokument.

Planen er utarbeidd i nytt format og er pilot for konseptet «Neste generasjon plan» i Helse Vest. Vi støttar at det er gjort prioritering i fire område:

1. Digitale tenester – samhandling med pasientane
2. Identifisering av pasientar i somatiske einingar som har alkohol- eller opiatavhengigheit
3. Pasientforløp mellom kommune, TSB og psykisk helsevern for ROP pasientar
4. Informasjonsflyt, pasientforløp og prioritering



Helse Førde har i prosessen med regional plan for TSB spelt inn Tronvik som aktuell stad for eit regionalt tilbod om døgnbehandling.

*Adm. direktør Varden innleia om regional plan for TSB. Nye innspel er motteke frå Høyanger kommune og Sogn Regionråd. Ein eigen prosess i Helse Vest vil vurdere kapasitet og struktur på tenestene i TSB, inkludert Tronvik som mulig stad for regionalt tilbod.*

*Direktør Tvedt orienterte om høyringsprosessen og høyrings svar til Helse Vest.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret sluttar seg til administrerande direktør sitt høyringsbrev til regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling i Helse Vest.

## **Sak 007/2021    Høyring – Regional handlingsplan for sikkerheitspsykiatri i Helse Vest**

### **Oppsummering:**

Planen er utarbeidd av ei arbeidsgruppe i Helse Vest og har mellom anna bakgrunn i nasjonal sjukehusplan 2020 – 2023 som peikar på behov for at det innan sikkerheitspsykiatrien er behov for å betre pasientforløpa, styrke tilbodet i spesialisthelsetenesta og kommunane, samt å etablere butilbod i kommunane i samarbeid med spesialisthelsetenesta.

Planen har ein omtale av tenesteområdet samt ei rekke tilrådingar, mellom anna;

- Auke i tal døgnplassar i lokale sikkerheitsavdelingar
- Etablering av sikkerheits-rehabiliteringsplassar/einingar der det ikkje er slike
- Betre og større skjermingsfasilitetar med rømmings-forhindrande uteareal
- Initiativ nasjonalt med forslag om lovendingar når det gjeld oppfølging og restriksjonar i kommunal sektor, for eksempel ruskontroll og andre lite inngripande tvangstiltak
- Rehabilitering, ombygging og eventuelt nye bygg for å møte krav til kvalitet, pasienttryggleik og HMS
- Poliklinisk/ambulante sikkerheitsteam som følgjer opp pasientane når dei flytter ut i kommunane

Hovudgrepet i planen er å styrke kapasitet og kompetanse i lokal tryggleiksavdeling og ambulante tenester. Helse Førde opnar ny tryggleiksavdeling i april 2021, og vil vere bra rusta til å møte utfordringane og satsingane som planen skisserer.

*Direktør Tvedt orienterte om regional handlingsplan for sikkerheitspsykiatri og høyringsuttale til Helse Vest.*

**Vedtak (samrøystes):**

Styret sluttar seg til administrerande direktør sitt høyringsbrev til regional plan for sikkerheitspsykiatri i Helse Vest.

**Sak 008/2021    Nye Førde sjukehus****Oppsummering:**

I styremøte 23. mars 2020 var det vedteke å arbeide vidare med Livabygget i åtte etasjar, og det var lagt til grunn eit kostnadsmål på 1,803 milliardar i 2020-kroner. Det vart i mai 2020 gjennomført ein forenkla KSK (ekstern kvalitetssikring av konseptval). Den uavhengige KSK-vurderinga konkluderte med at Livabygget i åtte etasjar er eit betre prosjekt enn løysinga frå forprosjektet. Prosjektet gjev låg risiko, auka fleksibilitet og høg kvalitet for pasientar og tilsette. Helse Førde har berevne for eit prosjekt på 1,803 milliardar.

Prosjektet er vidareutvikla og optimalisert gjennom samhandlingsprosess med grupperinga til Veidekke. Løysinga fekk brei støtte frå driftsorganisasjonen i ein evalueringsprosess 7. desember.

Det har ikkje vore råd å nå kostnadsmålet som styret definerte 23. mars 2020. Samlinga 7. desember syner at prosjekt Nye Førde sjukehus må ha ei ramme på 1803+70 millionar for å oppfylle driftskonseptane og realisere nødvendige kvalitative og økonomiske gevinstar.

Tilbodet frå Veidekke ligg til grunn for kostnadsramma på 1,873 milliardar 2020-kroner. Det er gjennomført uavhengig revisjon av kostnadsnivå i tilbodet, og ei omfattande prissamanlikning med andre sjukehusprosjekt. Konklusjonen er at tilbodet frå Veidekke er konkurransedyktig prisa, og administrerande direktør rår til å slutføre kontraktstingingar med Veidekke.

Hausten 2020 var anskaffinga klagt inn for KOFA (Klagenemnda for offentlege anskaffingar). Løysingar og kostnader som no ligg inne i prosjektet, er i samsvar med dei opplysningane som Helse Førde sende KOFA hausten 2020.

Endring av omfanget i Livabygget har medført ei restrukturering av delprosjekta som er definerte inn i Nye Førde sjukehus.

Vi har no følgjande delprosjekt:

1. Dagabygget, nybygg for psykisk helsevern, er bygningsmessig ferdigstilt
2. Infrastruktur og flaumvern
3. Livabygget, nybygg for somatikk i åtte etasjar
4. Svana 1, ombygging av eksisterande hovudblokk trinn 1, må gjennomførast for samankopling mot Livabygget

5. Svana 2, ombygging av eksisterande hovudblokk trinn 2, prioriterte område som er avgjerande for funksjon
6. Svana 3, ombygging av eksisterande hovudblokk trinn 3, arbeidspakkar med kvalitative og økonomiske gevinstar

*Adm. direktør Varden orienterte om Nye Førde sjukehus som er ei stor og kompleks sak. To nye dokument vart utdelt:*

- *Brev frå Advokatfirmaet Grette AS vedr. «Nye Førde sjukehus – ulovlig endring av kontrakt med Veidekke»*
- *Notat frå Arntzen de Besche Advokatfirma AS vedr. «Vurdering av brev frå Åsen & Øvrelid – vesentlig endring», datert 29.01.2021 (Uoff, jf Off.l. §23.1)*

*Vi har stilt følgjande spørsmål:*

- *Har vi rett prosjekt?*
- *Har vi rett pris?*
- *Har vi ei gyldig anskaffing?*

*Økonomdirektør Helleseth orienterte om:*

- *Økonomi – referanse til KSK*
- *Oppdatert analyser av bereevne*

*Konklusjon, basert på analysen og med dei føresetnande som ligg i dag, har Helse Førde bereevne til å gjennomføre Nye Førde sjukehus med ei ramme på 1,906 milliardar.*

*Styret kommenterte:*

*Saka er svært godt førebudd, og vi har fått eit godt gjennomarbeidd grunnlag for å fatte vedtak.*

*Det har vore ein dynamisk prosess der tilsette og brukarar har vore orientert undervegs, til betre for pasientar og tilsette. Styret har vore godt orientert undervegs.*

*Forankring i fagmiljøa og nedover i organisasjonen gir tryggleik for vedtak.*

**LUKKA DEL:**

*Helseføretakslova § 26a, 2. ledd*

**OPEN DEL:**

**Vedtak (samrøystes):**

1. Nye Førde sjukehus skal gjennomførast innanfor ei total kostnadsramme på 1,873 milliardar i 2020-kroner.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å signere kontrakt for gjennomføring av Livabygget i åtte etasjar og Svana 1.
3. Styret ber administrerande direktør legge fram ny sak for styret før oppstart av delprosjekt Svana 2 og Svana 3.
4. Det skal utarbeidast ein reduksjonsplan på 70 millionar dersom Helse Førde ikkje har bereevne til heile investeringa.

5. Styret ber administrerende direktør finne løysingar for Svana 4 innanfor dei årlege drifts- og vedlikehaldsbudsjetta.
6. Den totale kostnadsramma på 1873 millionar i 2020-kroner vert send over til Helse Vest for endeleg handsaming.

### Saker til orientering:

#### **Sak 009/2021    Prosjekt rekrutteringsstrategi for Helse Førde**

##### **Oppsummering:**

Helse Førde starta i 2019 prosjekt «Rekrutteringsstrategi for Helse Førde». På eit overordna nivå kan ein rekrutteringsstrategi definerast som «ein langsiktig plan som estimerer kva personalbehov Helse Førde vil få i åra framover, og korleis føretaket skal gå fram for å bekle dei ledige stillingane med dei beste kandidatane». Ein rekrutteringsstrategi er meir omfattande enn berre sjølve rekrutteringsprosessen. Den omfattar dei fire kjerneområda «Rekruttere, Behalde, Utvikle og Utdanne» våre medarbeidarar og leiarar.

Arbeidet har vore omfattande. Grunna situasjonen med covid-19 har også arbeidet vore sett på vent i ein lang periode i 2020, før det starta opp att i haust. Prosjektrapporten med utkast til rekrutteringsstrategi vart vedteke i styringsgruppemøte 12.01.2021.

Prosjektrapporten består av 3 delar:

- 1) Bakgrunn, gjennomføring og oppsummering av prosjektet (kapittel 1-3 og 11)
- 2) Rekrutteringsstrategi for Helse Førde (kapittel 4-9)
- 3) Plan for rekruttering av legar i Helse Førde (kapittel 10)

*Adm. direktør Varden innleia om rekrutteringsstrategien. I møte med tillitsvalde 27. januar fekk vi god tilslutning til prosjektrapporten.*

*HR-direktør Skjelten orienterte om rekrutteringsstrategi for Helse Førde, har eit tillegg for rekruttering av legar.*

*Det viktigaste arbeidet framover vert å prioritere og implementere blant dei ulike tiltaka som er føreslått, og som ligg i vedlegget tiltakskort.*

*Direktør Vingsnes orienterte om strategi for legerekruttering.*

- *Kva er viktig for legerekruttering i eit distriktsområde?*
- *Vi har sett til:*
  - *Nasjonalt senter for distriktsmedisin i Tromsø*
  - *Lokale undersøkingar*
  - *Erfaringar frå andre rekrutteringssatsingar, særleg Finnmarksykehuset HF*

Styret ber om orientering om oppfølging av rekrutteringsstrategien.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek prosjektrapport «Rekrutteringsstrategi for Helse Førde» til vitende.

**Sak 010/2021    Eventuelt**

Brev frå LPP Sogn og Fjordane vert å sjå i lys av budsjett 2021, med oppfølging av den gylne regel.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

**Skriv og meldingar**

**Følgjande skriv og melding var sendt ut til styret:**

- Årleg melding 2020 for Helse Førde HF – oppdatert
- Årsmelding 2020 – Felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane
- Referat frå møte i felles brukarutval 09.12.2020

**Følgjande skriv og melding var ettersendt til styret :**

- Brev frå HLF Førde og omland vedr. Behov for audiopedagog på ØNH Helse Førde
- Høyringsuttale frå Høyanger kommune vedr. Regional plan for TSB 2021-2025
- Høyringsfråsegn frå Sogn Regionråd vedr. Regional plan for TSB 2021-2025
- Protokoll frå drøftingsmøte vedr. utkast høyringssvar frå Helse Førde til regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling i Helse Vest
- Protokoll frå drøftingsmøte vedr. utkast høyringssvar frå Helse Førde til regional handlingsplan for sikkerheitspsykiatri i Helse Vest
- Brev frå LPP Sogn og Fjordane vedr. Ubrukte midlar i budsjett for Klinikkk for psykisk helsevern og uløyste oppgåver

**Følgjande skriv og melding var utsendt til styret 29.01.2021:**

- Brev frå Advokatfirmaet Grette AS vedr. «Nye Førde sjukehus – ulovlig endring av kontrakt med Veidekke», datert 27.01.2021
- Notat frå Arntzen de Besche Advokatfirma AS vedr. «Vurdering av brev frå Åsen & Øvreid – vesentlig endring», datert 29.01.2021 (Uoff)

Ref. Berit Irene Haarklau  
29.01.2021

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem